

Referat frå FAU-møte 05.09.2023

Tilstede: Karina Aase (1K), Hanne-Lisbeth Eide (4K), Emma Ådland (6. trinn), Henrik Arvidsson (3K), Nick Toynbee (6. trinn), Pål Øyving Bakken (7. trinn), Anita Nordseth (7. trinn), Stian Totland (4E), Terje Helle (6. trinn), Renate Morild (5. trinn), Anders Nyland (2K), Elise Birkeland (2K), Stian Tveranger Nilsen (3K), Veslemøy Solheim (2E).

Frå skuleledelsen: Annette Gerda Rønhovde (rektor), Anne Gry Midsund (SFO-leder), Øyvind Hafell (avdelingsleder 1-2 trinn), Kenneth Balsnes (avdelingsleder 3.-4. trinn), Anders Bøhn (avdelingsleder 5.-7. trinn).

Del 1 med rektor og resten av ledelsen

Rektor informerer:

- Arbeidet ved Graven (parkområdet rundt Krohnengen skole) er ferdigstilt og det blir lagt ut vedlegg til ordensreglementet ifht reglar for bruk av området.
- Krohnengen skole er mobilfri skule. Mobilhotellet er no på plass for 5.- 7. trinn og elevar skal levere inn mobilen til første time dersom mobilen er med på skulen. For barn på dei yngste trinna som har med mobil skal denne ligge i sekken under heile skuledagen/SFO-tida.
- Samtykke i Vigilo for at barna kan bli fotografert til skulekatalogen, kontaktinfo for FAU- og trinnkontakt og for at elevens navn kan stå på trykk i skulekatalog, manglar framleis frå ein stor del av foreldra, begge foreldre må signere, der det er registrert to foresatte på barnet. Det hastar, fotografen kjem allerede i neste veke.
FAU-medlemmane oppfordrast til å sende ein beskjed til klassane sine.
- Skulen har dessverre ikkje mulighet til å dele klasselister pga taushetsplikt. Men klassen kan sjølv samle inn kontaktinformasjon til ei klasseliste, slik at det er lettare å kommunisere med andre foreldre på trinnet.
- Leksehjelp 5.- 7. trinn mandager, dette må foreldre melde barna på.
- Fiskerimuseet ynskjer å gje tilbod om leksehjelp til 4. trinn, i første omgang 10 plasser, frå kl 14-15.30 i Fiskerimuseet sine lokaler. Dersom god oppslutning er det aktuelt å utvide tilbudet med fleire plassar. Meir informasjon kjem til foreldre i 4. klasse.
- Aktivitetar i SFO tida:
Kulturkarusellen har vi hatt dei siste åra. Vi har dessverre ikkje blitt trekt ut til dette i år. Det kan likevel opne seg ein mulighet dersom ein av dei andre skulane ikkje takkar ja til plassen sin.
Det er mulig at Krohnengen skolekorps vil komme inn med eit tilbud i SFO-tida.
SFO vil ellers nytte seg av tilboda rundt i byen som til dømes VilVite og dei ulike musea.
På spørsmål om det er aktuelt å inngå samarbeid med organisasjonar som kan ha opplegg i SFO-tida, informerer SFO om at det ikkje er ynskjeleg å legge til rette for aktivitetar som vil koste ekstra.
- Eventyrskogen-bygget: vi veit framleis ikkje noko om kor vi står når det gjeld oppkjøp av bygget. Leigekontrakten går ut i desember i år, men kommunen har uansett avtale om leige av bygget ut skuleåret.

Del 2 utan rektor og ledelsen

Konstituering av nytt FAU – val av leder og ledergruppe:

- Renate Morild fortsetter som leder og har med Henrik Arvidsson, Kjerstin Sundby og Vivian Midtbø i FAU-styret.

Arbeidsgrupper:

- Ansvar for koordinering av Trafikkaksjon (september/oktober): Lars Leegaard Marøy, Terje Helle, Anders Nyland, Veslemøy Solheim
- Ansvar for koordinering av Julemarked (november/desember): Pål Bakken, Nick Toynbee, Anita Nordseth
- Ansvar for koordinering av byttedag/vintermarked (starten av januar): Helene Sissener-Eide og Henrik Arvidsson
- Ansvar for koordinering av 17. mai: Stian Totland, Stian Tveranger Nilsen, Vivian Midtbø, Elise Birkeland og Kjerstin Sundby
Anders Nyland undersøker ifht nytt lydanlegg
- SFO-gruppe: Hanne-Lisbeth Eide, Anders Nyland og Karina Aase

Støtte til bli-kjent aktivitet for 1. og 5. trinn:

- 1. og 5. trinn kan få inntil kr 2000 i støtte frå FAU til å arrangere ein bli kjent aktivitet på haustsemesteret. Trinnkontaktane arrangerer og søker FAU om støtte.
- Dagens 6. trinn har gått glipp av ein del sosiale aktivitetar pga pandemien, og elevane ved Krohnengen hadde mykje heimeskule denne perioden. Er det mulig å ta igjen noko av dette? F.eks. sosiale aktivitetar/utflukter. Dette kan vere lurt for å bygge klassemiljøet og forebygge framtidige konflikter. Oppfordre til at trinnkontakter i lag med foreldregruppa tek initiativ til sosiale aktivitetar som inkluderer heile klassen.

Møteplan FAU-møter for resten av skuleåret:

2023

05.09

03.10

07.11

05.12

2024

16.01

13.02

12.03

16.04

07.05

11.06 (avslutning på Wiesener)

Til neste år: Forslag om å bytte møtedagar i FAU til ein annan dag enn tirsdag. Det ekskluderer nokon dersom det alltid er låst til den same dagen år etter år.

Til neste FAU-møte:

Leksefri skule, er dette noko vi ynskjer? SFO ser no ut til å fokusere meir på lekser i SFO-tida og legger til rette for at elevane skal ha tilgang på eit stillerom for arbeid med lekser i løpet av SFO-dagen. Dette er veldig positivt.

Bestilling til ledelsen:

- Korleis stiller skulen seg til å ta opp igjen tradisjonen med å bruke begge kirkene til julegudstenesta (Sandviken og Mariakirken)?

- Oppfølging av situasjonen frå sist skuleår, korleis jobbar vi for at utfordringar ikkje skal gjenta seg og eskalere i ein slik skala som vi opplevde sist skuleår? Vi må fortsette å ha fokus på dette. FAU og foreldre treng informasjon tidleg, før utfordringar eskalerer. Stikkord er: kva har vi lært og kva tiltak er sett inn og vidareført?

- FAU ynskjer at ledelsen har nokre faste punkt som alltid blir gjennomgått/informert om i FAU-møta, i tillegg til andre ting skulen ynskjer å informere om. Det er viktig for FAU at ledelsen viser at vi tar med oss lærdomen frå sist skuleår vedrørende den vanskelege situasjonen på nokre av trinna ved skulen. Ein stor del av utfordringa var kommunikasjon og åpenhet rundt utfordringar på skulen, noko som gjer det vanskeleg for FAU å bidra til eit godt samarbeid mellom skule og heim på best mogleg måte. Kommunikasjonen må vere betre enn det som vart opplevd i fjor og FAU ynskjer derfor at vi skal ha ekstra fokus på dette ved at ledelsen ved skulen informerer om fylgjande faste punkt i FAU-møta:
 - Læringsmiljø
 - Eventuelle utfordringar i skuletida/SFO-tida som foreldre bør kjenne til (her er det viktig at FAU og foreldregruppa får tilgang på informasjon i ein tidleg fase for at vi skal kunne bidra med korrigerande tiltak mht barna, der det trengs)